



**Norddal kommune**

**Eidsdal skule**

**6215 Eidsdal**

Eidsdal, 29.05.2017

## FØRESEGNER FOR BRUK AV SKULEN ETTER SKULETID

Alle som leiger skulen skal:

- 1) Bruke berre dei romma som det er gjort avtale om.
- 2) Passe på at uvedkomande ikkje har tilgjenge.
- 3) Sjå til at det ikkje vert røykt eller nytta alkohol.
- 4) Slå av lysa, late att vindauge og låse dørene når aktiviteten er slutt.
- 5) Syte for at inventar og læremiddel kjem på rett plass etter bruk.

Leidgetakrar har erstatningsansvar dersom læremiddel, inventar eller anna vert skadd eller øydelagd.

NB! I gymnastikksalen er det forbode å nytte sko som set merke på parketten!

NB!! Det er forbode å bruke fotballsko i skulebygget. Fotballsko skal heller ikkje takast med inn i garderoben, og slett ikkje vaskast i dusjen!

### REINHALD

Faste lånetakrar slepp å vaske etter seg. Lånetakrar som nytta skulen i samband med særskilte arrangement, vaskar etter seg etter avtale.

Dei som nytta gymnastikksalen etter skuletid skal moppe golvet etter bruk. Sjå eige oppslag ved gymnastikksalen.

Reinhalar set ut vaskeutstyr i gangen nede, utanfor garderobane. Elles kan ein finne noko vaskeutstyr i skåpet på kjøkkenet (ved C-kjøkkenet), og i vaskerommet ved gymnastikksalen.

### BROT PÅ INSTRUKS

Leidgetakrar som gjentekne gongar får påtale for brot på instruks, vert bøtelagde med kr. 100,-. Dersom det ikkje vert endring etter dette, misser ein retten til å låne skulen for resten av skuleåret.

Nøklar skal leverast inn når skuleåret er slutt, eller når ein leigeperiode ev. sluttar.

Eidsdal skule, 29.07.2010

Karl Andre Birkhol